

**Notat**Dato: 29.08.2018  
Arkivsak: 2018/11205-22  
Saksbehandlar: oleharl

---

**Til:** Fylkesutvalet 30.08.2018

---

**Frå:** Fylkesordførar

---

**Svar til Roald Kvamme om alternativ til bybane til Åsane**

Det vert vist til spørsmål frå Roald Kvamme til møte i fylkesutvalet 30.08.2018:

*I samband med vidare planlegging og utbygging av bybana til Åsane er det frå ulike hald lansert alternative kollektivløysingar og det vert hevda at dette vil vera fullgode løysingar med lågare kostnader.*

*Er det vurdert andre kollektivløysingar som eksempelvis auka busstilbod på eigne trasear og korleis dette kan koplast mot bybanenettet og kostnadane ved slike løysingar?*

Sidan konsekvensutgreiinga for Bybanen til Åsane i 2013, har systemval for kollektivtransporten mellom Bergen sentrum og Åsane vorte utgreia på nytt. På bestilling frå byrådet i Bergen, vart rapporten *Transportkoncepter Bergen – Åsane* utarbeidd i 2015. Der vart ulike konsept for kollektivtransport vurdert. Dei vurderte konseptane var bybane, ekspressbybane, jernbane, t-bane og bussveg/superbuss. Det vert her lagt til grunn at bussveg/superbuss er det konseptet som svarar best til ordlyden i spørsmålet til Kvamme, då det vert spurt etter auka busstilbod *på eigen trase*.

Bussveg/superbuss har ein del av dei same kvalitetane som bybane, men kapasiteten er lågare og det vil føre fleire bussar inn mot sentrum, der det i dag er press på areala. Det er grunnen til at bussveg ikkje vert tilrådd i utgreiinga. Ei bussvegløysing på eigen trasé vil ha mykje dei same behov for areal og grunnerverv som ei bybaneløysing, dersom Bybanen sin regularitet og effektivitet skal oppretthaldast. Vidare peiker plassmangel og topografi i retning av ei relativt dyr bussvegløysing, på same måte som for Bybanen, men ein vil kunne spara noko på å ikkje etablere skinner og køyreleidning. Samstundes vert det i rapporten vurdert som uvisst om ein bussveg vil ha same positive innverknad på byutvikling og potensielle investorar, som Bybanen.

Bybanen ender i dag i sentrum, og er ikkje gjennomgåande. Om ein skulle byggje eit anna system enn bybane mot Åsane, vil det ikkje kunne koplast mot eksisterande bybanenett. Det vil krevje mykje areal å ende to ulike system i sentrum, noko som er ei utfordring grunna plassmangel. Ineffektiv vending vil også redusera kapasiteten i begge systema.

Vidare utbygging av bybane er det einaste som vil byggje vidare på og ta ut meirnytte av eksisterande infrastruktur og tidlegare investeringar. Mellom anna vil dei to linjane mot Flesland og Åsane ha avgrensa

kapasitet som følge av vendingssystemet i sentrum. For å få full nytte av investeringane mot sør er det difor viktig å forlengje Bybanen gjennom sentrum. Vidare utbygging av bybane vil skapa eit arealeffektivt, gjennomgåande system som ikkje legg opp til byter for dei reisande. Dei reisande vil med det få eit vesentleg betra tilbod.